Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Meland

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Elias Mjåtveit

Gard: Mjåtveit

(adresse): Frekhaug om Bergen

G.nr. 22 Br.nr. 14

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Både ard og plog hev vore brugt i bygdi. Men berre på större bruk. Dei var ikkje so sers mange i gamal tid.

Först vart furorne plöygde opp med plog. So plöygde ein bakatter med arden. Arden velte ikkje jordi tilsides, men gjorde henne berre laus i botnen på plogfurorne.

2 Ard vert ikkje brukt no. Kornet vart mylda ned med harv sidan og minnest. Dei, som ikkje havde hest, nytta riva

3 Ard er ikkje i bruk no. Med hyppeplog slær ein opp rader, når ein setjer poteter. Med serskilde jarnrivor hakkar ein so moldi over potetorne. Dette er det nyaste.

4 Eg hev aldri set noko ard. Ein gamal mann fortalde meg at i hans ungdom var dei i bruk på större gardar. Korleis dei såg ut hugsar han ikkje so nöye.

1512

5. veit ikkje.

6 Veit ikkje.

7. veit ikkje

8 Arden havde ikkje veltefjöl. Den var enkel, skulde berre rota den faste moldi laus.

9 Nei.

10. Ikkje det eg veit.

11. Veit ikkje. Sjå framanfor. Namnet var „ar". Dei var av tre med jarnskodd spiss.

12 På kvar litt større gard var smida. Dei som kunde laga slike og andre ting sjölve. Jamnaste vart det vel bygdesmedane som gjorde slikt arbeid.

13. No vert berre brukt moderne fabrikksmidde plogar. Eg, som no (1948) er 74 år, hugsar ikkje heimegjorde plogtyper. Kva dei gamledags plogane i den tid kosta veit eg ikkje.

14 Den gamle mannen, som hugsar dei gamle plogane, sa at plogane her i bygdi mest likna fig. 11. Korleis veltefjöli var fekk eg ikkje greida på. Sernamn på desse plogane veit eg ikkje.

1512

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14 b.

Veltefjöli var ~~ikkje heilt~~ av tre.
Såber var av tre med jernbeslag.

15 Det er truleg, at plogkaren havde eit elder anna med til å grava mold av veltefjöli med. Det trongst vel, kan eg tenkja. Men eg veit ikkje sikkert.

16 Veit ikkje!

17. Veit ikkje.

18 Veit ikkje. Hev aldri höyrt om det.

19 Veit ikkje

20 Veit ikkje. Trur det knapt.

21 Veit ikkje. Hev aldri höyrt om det.

22 Hev ingjenting höyrt om det.
Det vart vel nytta ein vanleg steinslede elder kjerra.

23 Ikkje kjend her.

Her er det vanlegt å seia plog. Dei unge kjenner ikkje namnet ard eingong.
Det vanlege plogane her velter jordi til ei sida

Ordet ard vart uttala „ar". Hankjönord.
Ordet plog er hankjønord. Det uttalast plog.

1512
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ordet plog er hankjönord. Det uttalast plog:

A. H.:

1512

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING